



LOM KOMMUNE

MØTEINNKALLING - KONTROLLVALET

Møtedato:	Tid:	Møtested:
Tysdag 2.5.23	Kl. 09.00-12.00	Midtgard, kommunestyresalen

Medlemmer blir med dette innkalt:

Magny Ellen Hilde (leder), Terje Odde (nestleder), Kari Opsahl, Jan Erik Husom, Arnstein Rusten.

Varamedlemmer møter berre etter nærmere varsel:

Bård Hanem, Tove Johanne Stamstad, Harald Onsum Berg.

Forfall må varsles snarest til sekretær Elin Marit Andgard (tlf.nr 481 96 875 e-post: elin-marit.andgard@sel.kommune.no).

SAKLISTE

	Godkjenning innkalling
	Godkjenning sakliste
	Godkjenning protokoll frå sist møte
8/23	Orienteringar
9/23	Kommuna sin årsrekneskap og årsmelding for 2022
	Ope post

Lom, 19.04.23
for Magny Ellen Hilde

Elin Marit Andgard (sign.)
sekretær

Kopi er sendt til: Ordfører, kommunedirektør, Innlandet Revisjon IKS, GD
Møteinnkalling er offentliggjort på SKNGs hjemmeside.

SAKSFRAMLEGG

Møtedato:	Journalnr.:	Saksnr.:	Sakshandsamar:
2.5.2023	57/2023	8-9/2023	Elin Marit Andgard, SKNG

SAK 8/23 ORIENTERINGAR

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet har bedd administrasjonen om orientering om:

- Informasjon til innbyggerane (strategi, rutiner og kanalar)
- Status flyktnings situasjonen i Lom
- Fastlege-situasjon (jamfør Statsforvaltarens sitt kommunebilete)
- Status for arbeid med felles helsestasjon med Skjåk

Sekretariatet orienterer om:

- Styremøte SKNG 23.2.23 - vedtak
- Status bestilling foranalyse
- Omdanning av SKNG til kommunalt oppgåvefelleskap
- Status saker oversendt til kommunestyret frå kontrollutvalet
- Prosess ved saker frå kontrollutval til kommunestyret
- Fellesmøte alle kontrollutval i NG 16. juni

Saker/spørsmål som kontrollutvalet ynskjer orientering på?

Innstilling:

Kontrollutvalet takkar for orienteringane.

SAK 9/23 KOMMUNA SIN ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2022

Saksopplysningar:

Vedlegg:

- Forslag til kontrollutvalet sin uttale
- Revisjonsberetning
- Årsberetning og rekneskap 2022 (pr. 14.4.23)

Bakgrunn:

Kontrollutvalets oppgaver i samband med kommunas årsrekneskap og årsmelding går fram av kommunelova § 14-3:

Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak.

Og vidare i Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3:

Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at

- *Kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- *Regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor*
- *Regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3.*

Det er vanleg å skille mellom "årsberetning" som det lovpålagte dokumentet til årsrekneskap og årsmelding som eit vidare/breiare dokument. Nynorsk har berre ordet årsmelding, og i saksutgreiinga er årsmelding nytta om det dokumentet som kommunelova referer til.

Kontrollutvalets uttale skal knytte seg til utvalets ansvar og rolle i høve til årsrekneskap, årsmeldinga og tilhøyrande revisjonsberetning. NKRF og FKT har gjeve ut vegleidar om kontrollutvalets rolle for rekneskapet og som blir nytta i arbeidet til sekretariatet og utvalet.

Årsmelding 2022, årsrekneskap 2022 og revisjonsberetningen blir lagt fram for kontrollutvalet som grunnlag for å gje ei uttale til kommunas årsrekneskap og årsmelding for 2022. Presentasjonar og drøftingar som blir gjort i møtet og kommunikasjon med revisor gjennom revisjonsåret blir også lagt til grunn. Det kan bety at utvalet kan gjere endringar i sekretariatet sitt forslaget til uttale.

Kommunelova §§ 14-6 og 14-7 gjev krav til innhald i årsrekneskapet og årsmeldinga.

Revisjonsberetningen er revisor sin faglege uttale om årsrekneskapet og revisjonen sin konklusjon på deira arbeid med årsrekneskapet. Beretningen blir gjeve til kommunestyret.

Kontrollutvalets uttale skal saman med revisjonsberetningen fylgje kommunedirektørens årsrekneskap og årsmelding til kommunestyret via formannskapet.

Fakta:

Årsrekneskapet pr 31.12.22 og årsmelding for 2022 er gjeve av kommunedirektøren innan kommunelovas frister som er 22. februar og 31. mars.

Rekneskapet blir revidert av Innlandet Revisjon IKS. Revisjonsberetning er datert måndag 17.04.2023 som er innan fristen (fyrste verkedag etter 15. april når denne fell på helg). Revisors uavhengighetserklæring er handsama i kontrollutvalet 10.2.23.

Kommunestyret skal handsame årsrekneskap og årsmelding innan 30. juni.

Om årsrekneskapet:

Samla driftsinntektar var 334,3 mill.kr, ei auke på 38 mill.kr (ca 12 %) frå 2021. Samla driftsutgifter var 304,6 mill.kr, ein auke på 17 mill.kr (ca 6 %) frå 2021. Årsmeldinga gjev god forklaring på rekneskapstala og avvik i høve til budsjett.

Netto driftsresultat var kr 38.546.205. 50,8 mill.kr er satt av til disposisjonsfond. Disposisjonsfondet er pr. 31.12.22 kr 99.889.084.

Kommuna investerte i 2022 for 19,7 mill.kr.

Om årsmeldinga:

Årsmeldinga dekkar det som er krevd av årsberetning i samband med rekneskapen. I fylgje kommunelova skal kommunedirektør rapportere årleg til kommunestyret om internkontrollen, dette kan gjerast som eigen sak eller som ein del av årsmeldinga. Årsmeldinga har informasjon om sjukefråvær, men ikkje t.d. avvik og tilsyn.

Handlingsreglar og oppnåing:

1. Korrigert netto driftsresultat: Mål om 2 % av driftsinntektene.
Resultat 2022: 12,6 %.
2. Disposisjonsfond: Mål om 10 % av driftsinntektene.
Resultat 2022: 22,9 %.
3. Netto lånegjeld: skal ikkje overstige 65 % av driftsinntektene
Resultat 31.12.22: 74,5 %.

Som oversikten syner er handlingsregel nr 1 og nr 2 innfridd i 2022, medan handlingsregel nr 3 ikkje er innfridd i 2022.

Revisjonsberetning:

Innlandet Revisjon IKS har gjeve ein revisjonsberetning utan førehald og presiseringar, ein såkalla rein revisjonsberetning. Det ligg ikkje føre nummererte brev frå revisor.

Revisor mener at:

- Årsrekneskapet oppfyller gjeldande lovkrav og årsrekneskapet gjev i det alt vesentlege ein dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunekassa per 31. desember 2022, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelovas lover og god kommunal rekneskapsskikk i Norge.
- Årsmeldinga inneheld dei opplysningar som skal gjevast etter gjeldande lovkrav.
- Opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overens med årsrekneskapet.
- Basert på revisjon av årsrekneskapet og kontrollhandlingar etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag, har leiinga oppfylt sin plikt til å sørge for ordentleg og oversiktlig registrering og dokumentasjon av kommunas rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.
- Basert på dei utførte handlingar og bevis som er innhenta, er dei ikkje blitt kjent med høve om gje grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gjev dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

Kontrollutvalet har inngått oppdragsavtale med Innlandet Revisjon IKS, men gjev ingen instruksar utover det. Revisor gjev eigenerklæring på sin uavhengigheit. Revisjonsberetninga oppgjev at dei fylgjer lov, forskrift, kommunal rekneskapsskikk og internasjonale standardar for sitt revisjonsarbeid.

Rapport fra revisjon om forenkla etterlevelseskontroll på økonomiområdet skal ligge føre til 30. juni og vil bli handsama som eigen sak.

Konklusjon:

Årsrekneskap og årsmelding er framlagt innan fristen og inneheld det som lova krev. To av tre handlingsmål er oppnådd.

Revisjonsberetninga er gjevne innan fristen og omtaler alle høve som fylgjer av Kommunelova § 24-8. Revisor tilfredstiller krava til kommunal revisor.

Sekretariatet har ingen opplysningar om høve som kan få betydning for årsrekneskapet eller årsmeldinga. Det har heller ingen informasjon som tilseier at revisjonen ikkje er utført etter Forskrift om kontrollutvalg og revisjon.

På bakgrunn av vurderingar over og det som går fram av årsrekneskap, årsmelding og revisjonsberetning, legg sekretariatet fram eit forslag til kontrollutvalet si uttale til Lom kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2022.

Det er forventa at revisor informerer kontrollutvalet om høve som vil være interessant for kontrollutvalet, men som ikkje er av ein slik grad at dei blir rekna for å kunne gje vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapet og med det ikkje er nemnt i revisors beretning.

Innstilling:

1. Kontrollutvalet vedtek sekretariatets forslag til kontrollutvalet si uttale til kommunas årsrekneskap og årsmelding for 2022.
2. Kontrollutvalet sender uttala og saksgrunnlaget til kommunestyret med kopi til formannskapet. Uttala skal fylgje kommuna si handsaming av årsrekneskap og årsmelding.

Handsaming:

Kommunedirektør og oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor orienterer og svarer på spørsmål:

- Kommunedirektør og økonomisjef presenterer årsrekneskap og årsmelding.
- Innlandet Revisjon IKS v/oppdragsansvarleg revisor orienterer om revisjonsarbeidet og presenterer revisjonsberetningen.